



Spennande på basar! Dirgent Tor S. Olsen med familie.

Det var mange som var godt lasta då dei gjekk heim etter nær 2 timar på basaren til Uskedal skulemusikk søndag ettermiddag. Gevinstane var mange, kakebordet bugna av godsaker, men aller kjekkast var det å høyra korpset. Sjølv om dei ikkje er så mange no, er dei så flinke at det let som fullt korps. Det er ein herleg trøkk i gjengen!!



Sjørøvarar klar til konsert!

Det var sjørøvarmusikk som stod på notestativa i korpset si avdeling. Dei gav oss ein forsmak på ein større konsert dei skal ha i mars/april, og iført sjørøvarkostymer imponerte verkeleg gjengen. Dei er litt få i korpset dette året, men det let som om dei er dobbelt så mange. Det er verkeleg trøkk i gjengen! Tor Skeie Olsen er ein særdeles dyktig dirigent, og han må verkeleg få fram det beste i kvar og ein av talenta. For ein gammal korpssentusiast er det verkeleg kjekt å høyra kor flinke dei er!

Etter konsertavdelinga var det to omgangar med åresal. Gevinsttalel var høgt, og det var skapt mykje glede rundt borda i Aktivitetshuset. Dei fleste vart vinnarar, og veldig kjekt var det å sjå den flotte alderssamansetjinga rundt borda. Her var svært mange born, og i tillegg spreidde det seg til langt oppi pensjoniståra.

Etter åreomgangane var det berre å forsyna seg rikeleg med gode kaker, kaffi og saft. Heilt gratis! Og medan ein kosa seg med dette og drøsen gjekk rundt borda, var musikantar og foreldre rundt og selde lodd på talongbøker. Eg trur ikkje det finst ein basar i Kvinnherad med så mykje flotte talonggevinstar. Desse fann vegen til glade vinnarar før Haldis Åkra, på vegne av skulemusikken, takka for frammøtet og støtta, gevingstgaver og ønskte alle vel heim.



Stemningsfullt under konsertavdelinga.



Sigrí og Ingrid, to av dei yngste kornettistane, framførte eit nummer åleine. Flott!!



Hanna ønskte velkommen.



Camilla takka dirigent Tor på vegne av korpset med adventskalendar og Belgiske trøfler.



Hanna hadde første opptreden på slagverk og imponerte! Stødig og god!



Klar til Innsats!



Mykje folk!



Unge og eldre kosa seg!



Tobias ein av mange flinke åreseljarar!



Årer i lange banar!



Glade vinnarar!



Flinke gevinstudelarar.



Masse gode kaker!



Mykje å kosa seg med.



Flott sjørøvarmusikant, Malena!



Flotte gevinstar på talongbøkene!



Ein av mange heldige vinnarar!!!!(Foto: Nils Klyve)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.